



Fitjar kommune

Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 21.02.2007
Tidspunkt: 16:00 - 18:10

Følgjande medlemmer møtte:

Agnar Aarskog, ordførar
Annbjørg Stjern Tvedt, varaordførar
Gisle Levåg
Harald Rydland
Gro Rydland

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Følgjande varamedlemmer møtte:

Rune Sandvik for Harald Rydland i sak
PS 011/07

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Atle Tornes, rådmann
Kristin Meland, møterefrent


Agnar Aarskog
Ordførar

Gro Rydland

Gisle Levåg


Kristin Meland
Møterefrent

Sakliste:

- PS 009/07 Godkjenning av protokoll
PS 010/07 Referatsaker
PS 011/07 Klager i høve etterberegning av vederlag for opphold i institusjon for 2004 og 2005.
PS 012/07 Mellombels tilsetting i Fitjarstølane barnehage grunna utviding av barnehageplassar
PS 013/07 Avtale Midtfjellet Vindkraft AS
PS 014/07 Søknad om medfinansiering av drift av SNU AS.
PS 015/07 Endringar i selskapsavtalen til Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS
PS 016/07 Ymse

Før møtet var representant frå Vest Elektro og orienterte om firmaet.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

PS 009/07 Godkjenning av protokoll**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 24.01.2007

Behandling i Formannskapet 21.02.2007:**Vedtak i Formannskapet 21.02.2007 : (Samrøytes)**

Som framlegg.

PS 010/07 Referatsaker**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek referatsakene til vitring.

Behandling i Formannskapet 21.02.2007:

Følgjande saker vart meldt: Sak RS 002/07 – RS 006/07

Til sak RS 003/07:

Rådmannen orienterte om godkjenning av låneopptak for 2007.

Rådmannen orienterte om gjeven konsesjon for Midtfjellet Vindkraft og kraftlinje på Austsida.

Rådmannen orienterte om brev frå tillitsvalde og verneombud v/Rimbareid skule vedkomande parkeringsproblemer v/skulen.

Rådmannen orienterte om anke på rettsvedtak på sak som kommunen har hatt med privatperson og vunne.

Vedtak i Formannskapet 21.02.2007 : (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 011/07 Klager i høve etterberekning av vederlag for opphald i institusjon for 2004 og 2005.

Tilråding i Utval for oppvekst og omsorg 15.02.2007 :

Administrasjonen går vidare med innkrevjing av inneståande krav for 2004 og 2005, som skissert i saka.

Behandling i Formannskapet 21.02.2007:

Utdelt i møtet:

Tilråding frå Utval for oppvekst og omsorg.

Representanten Harald Rydland (KrF) sa seg ugild i saka grunna verv i overformynderi og verv som hjelpeverge. Representanten forlot møtet mens formannskapet drøfta ugildskapen.

Formannskapet erklærte representanten Harald Rydland ugild.

Representanten Rune Sandvik(H) trådte inn i hans plass.

Rådmann Atle Tornes orienterte i møte.

Representanten Gisle Levåg (H) kom med slikt framlegg til vedtak; Fitjar formannskap meiner at det er urimelig at krav tilbake til 2004 skal drivast inn. Desse krava må ettergjevast og ein må få på plass betre rutinar for innkrevjing for uteståande krav.

Røysting:

Utval for oppvekst og omsorg sitt framlegg fekk 3 røyster
Gisle Levåg sitt framlegg fekk 2 røyster og det ligg føre slikt;

Vedtak i Formannskapet 21.02.2007 : (3 - 2)

Administrasjonen går vidare med innkrevjing av inneståande krav for 2004 og 2005, som skissert i saka.

Representanten Harald Rydland (KrF) tiltrådte no møtet att.

PS 012/07 Mellombels tilsetting i Fitjarstølane barnehage grunna utviding av barnehageplassar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet gjev administrasjonen fullmakt til å tilsetje førskulelærer i mellombels stilling fram til 13.07.2007, for å utvide med 6 plassar i Fitjarstølane barnehage.

Behandling i Formannskapet 21.02.2007:

Representanten Gro Rydland (Sp) kom med slikt framlegg til tillegg:

Dersom det viser seg at det trengst permanent utviding av plassar ved barnehagen etter sommarferien 2007 må administrasjonen førebu sak om både stillingar og areal med tanke på arbeidsmiljø for både tilsette og brukarar.

Røysting:

Administrasjonen sitt framlegg samrøystes vedteke
Tilleggsframlegg frå Gro Rydland samrøystes vedteke og det ligg føre slikt;

Vedtak i Formannskapet 21.02.2007 : (Samrøystes)

Formannskapet gjev administrasjonen fullmakt til å tilsetje førskulelærar i mellombels stilling fram til 13.07.2007, for å utvide med 6 plassar i Fitjarstølane barnehage.

Dersom det viser seg at det trengst permanent utviding av plassar ved barnehagen etter sommarferien 2007 må administrasjonen førebu sak om både stillingar og areal med tanke på arbeidsmiljø for både tilsette og brukarar.

PS 013/07 Avtale Midtfjellet Vindkraft AS

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Avtalen med Midtfjellet Vinkraft AS vert godkjent, med endra vedlegg 3 og 4 som skissert i saka, og under føresetnad av at eigarane gir garanti for moglege fjerningsutgifter, dersom dette ikkje er teke med som vilkår i konsesjonen.

Behandling i Formannskapet 21.02.2007:

Utdelt i møtet:

Nytt vedlegg 4 – framdriftsplan.

Notat frå rådmannen - merknad til vedlegga slik:

Vedlegg 3

Dette vedlegget viser ytre grenser for det området som FKO skal tilvisa i Håkonar Næringspark til bruk for MV. Rett til å nytta område som nemnt fell bort etter 1 januar 2010.

Dersom seinare anleggsstart tilseier det, kan MV og FKO tinga om ny avtale. Sjå elles vedlegg 3a og 3b.

Vedlegg 4:

Dette er ei oversikt som viser MV sine mest optimistiske framdriftsplanar, basert på kjende føresetnader pr 21 februar 2007. Framdriftsplanane er ikkje juridisk bindande for FKO.

Sjå elles tilknytt framdriftsplan med følgeskriv frå MV dagsett 21 februar 2007.

Vedlegg 6

Rett til å krevja at FKO skal tilretteleggja trase gjennom Fitjar sentrum fell bort etter 1 januar 2010.

Slike tiltak skal uansett tidspunkt godkjennast av Statens Vegvesen.

Dersom seinare anleggsstart tilseiar dei, og det ikkje er gjennomført fysiske tiltak i Fitjar sentrum som er til hinder for dette, kan MV og FKO tinga om ny avtale.

Rådmann Atle Tornes orienterte i møtet.

Representanten Annbjørg Stjern Tvedt (KrF) kom med slikt framlegg:

Punkt 3. Alle desse kostnadane må verta spesifiserte på rekning og gå utanom eingongssummen.

Punkt 4. Det må konkretiserast meir at MV tek på seg erstatningsansvar for eventuell verdiforringing av bustadeigedomar i nærområda til vindmølleparken, her skal det leggjast vekt om desse får ein ugunstigare verdiutvikling enn bustader dei kan samanliknast med andre stader i kommunen.

Punkt 5. Alle utgifter slik dei går fram under dette punktet må verta spesifiserte på rekning og ikkje gå av eingongssummen.

Punkt 6. MV må ta på seg all kostnad med tilførselsvegar til utbygginga. Det er særleg viktig at det er full dekning for vegen og krysset i sentrum.

Punkt 7. MV må ta på seg ansvar for avbøtande tiltak der folk evt. klager over støy som eventuelt kan gi helseplagar seinare. Avbøtande tiltak kan til dømes vera stansa møller eller flytta dei. MV må også ha ansvar for avbøtande tiltak i nedslagsfeltet til Svartavatnet.

Punkt 8. Alle utgifter i dette punktet må verta spesifiserte på rekning og ikkje gå av eingongssummen.

Punkt 9. Eingongssummen altfor liten. Vi vil ha faktiske utgifter for seg og eingongssum for seg. Eingongssummen må vurderast ut frå verdien av område, turstiar, urørt natur, fauna, fugleliv og område for friluftsliv og rekreasjon med verdi også for generasjonane som kjem etter oss.

Nytt punkt. MV må setja av eit fond som skal nyttast til opprydning ved avslutta verksemd eller konkurs. Dette må vera på plass frå første driftsdag og garanterast av eigarane.

Det ligg etter drøfting føre justert framlegg frå administrasjonen slik;

Avtalen med Midtfjellet Vinkraft AS vert godkjent, med endra vedlegg 3, 4 og 6 som skissert i saka, og under føresetnad av at eigarane gir garanti for moglege fjerningsutgifter, før utbyggingsstart.

Røysting:

Røysting over framlegga frå representanten Annbjørg Stjern Tvedt (KrF):

Punkt 3 – framlegget fekk 2 røyster og fall

Punkt 4 – framlegget fekk 1 røyst og fall

Punkt 5 – framlegget fekk 2 røyster og fall

Punkt 6 – framlegget fekk 1 røyst og fall

Punkt 7 – framlegget fekk 2 røyster og fall

Punkt 8 – framlegget fekk 2 røyster og fall

Punkt 9 – framlegget fekk 1 røyst og fall

Nytt punkt 10 – framlegget fekk 2 røyster og fall

Ved røysting over justert framlegg frå administrasjonen vart dette vedteke med 4 mot 1 røyst og det ligg etter dette føre slikt;

Vedtak i Formannskapet 21.02.2007 : (Mot 1 røyst)

Avtalen med Midtfjellet Vinkraft AS vert godkjent, med endra vedlegg 3, 4 og 6 som skissert i saka, og under føresetnad av at eigarane gir garanti for moglege fjerningsutgifter, før utbyggingsstart.

PS 014/07 Søknad om medfinansiering av drift av SNU AS.

Framlegg til vedtak:

Tilskotsnivå som skissert i sak 044/06 vert lagt til grunn som tilskot til SNU for 2007

Behandling i Formannskapet 21.02.2007:

Rådmannen orienterte i møtet.

Representanten Agnar Aarskog (Ap) kom med slikt framlegg:

Saka vert å koma attende til på eit seinare formannskapsmøte når det gjeld tilskotsnivået for 2007.

Resttilskotet for 2005 og 2006 vert utbetalt og rekneskapsført for 2006.

Vedtak i Formannskapet 21.02.2007 : (Samrøystes)

Saka vert å koma attende til på eit seinare formannskapsmøte når det gjeld tilskotsnivået for 2007.

Resttilskotet for 2005 og 2006 vert utbetalt og rekneskapsført for 2006.

PS 015/07 Endringar i selskapsavtalen til Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre godkjenner nye vedtekter for Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS som skissert i brevet frå Samarbeidsrådet.

Behandling i Formannskapet 21.02.2007:

Ordførar Agnar Aarskog orienterte i møte.

Vedtak i Formannskapet 21.02.2007 : (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 016/07 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet 21.02.2007:

Representanten Annbjørg Stjern Tvedt (KrF) stilte spørsmål vedkomande minste grense for utrykking av brøytebil. Administrasjonen sjekker opp dette.

Vedtak i Formannskapet 21.02.2007 :